



Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 STAVANGER

Vår saksbehandler
Are H. Braaten
+47 986 64 231

Vår dato
22.06.2020
Deres dato

Vår referanse
19/00253-3
Deres referanse

Høyringsvar Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland

Målet til planen er å sikre eit berekraftig samfunn som er godt førebudd på, og tilpassa klimaendringane. Samfunnet skal vere i betre stand til å handtere kriser, endringar og påkjenningar som oppstår som følgje av klimaendringane, vere dei lokale eller globale som flaum, skred, matmangel osb. Konsekvensane av klimaendringane er omfattande, og arbeidet med å sikre samfunnet går på tvers av sektorar. Dette er målsetnadar me stiller oss heilhjarta bak, og me meiner at dette er ein nødvendig regionalplan for Rogaland.

Rogaland Bondelag er positive til klimatilpasningsplanen slik den ligg til høyring, både innholdsmessig og som verktøy for å samordne tiltaka i Rogaland. Klimaendringane respekterer ikkje administrative grenser, og planen legg opp til eit betre samarbeid i heile fylket.

Me stiller oss bak visjonen, hovudmålet, delmåla og er klare på at Rogalandsjordbruket skal bidra til å oppnå dei. Bøndene er viktige som eigarar og forvaltarar av store deler av areala i fylket, med den risiko og ansvar det medbringer. Me er òg ansvarleg for matproduksjonen som er avgjerande for å ha eit fungerande samfunn, både i kvardag og krisetid.

Me vil trekke fram delmål b som eit viktig delmål, særleg punktet matproduksjon. Me merkar oss at å sikre ein stabil og varig matproduksjon på norske og lokale ressursar går igjen i planen, og me støtter dei formuleringane. Ein av dei store truslane frå klimaendringane er forstyringar i den internasjonale matmarknaden, som gjer det viktig å nytte våre areal for å produsere mest mogleg mat til eigen befolkning, og dermed unngå å usolidarisk prise ut fattigare kjøparar. Som det står på side 45 er den grenseoverskridande risikoen sannsynlegvis større enn andre risikoar, og er den kategorien med konsekvensar me veit minst om. Å vere føre var og sikre eigen matproduksjon må vere høgt prioritert i alle relevante planar, og vere ein rettesnor for tiltak i denne planen. Me stiller oss bak resultatmålet «avlingstap knyttet til klimatiske forhold økes ikkje over tid» på side 54.

Det som er viktig for lokale planmyndigheiter er korleis regionalplanen legg føringar for tiltak og prosjekt. Me støtter at me ikkje skal byggje oss inn i ny sårbarheit, både relatert til flaum,

Bondelagets Servicekontor AS

Norges Bondelag

men og ved den sårbarheita som oppstår ved å byggje ned matproduserande areal. Klimatilpasningsplanen må saman med andre regionale planar vere tydelege på at jordbruksareala skal vernast for framtida. Me opplever at denne planen tek opp jordvern, men det må og vere tydeleg for lokale myndigheiter og utbyggjarar. Me ynskjer at jordvern nemnast som eit tydeleg punkt på delmål c, på side 35. Å sikre robuste landbruksareala gjeld både for å sikre økosystema, men og for å sikre samfunnet.

Flaum og auka vassføring er ein faktor som kan føre til redusert matproduksjon i utsette områder. Det vil vere viktig å god kontroll på vassvegane, og leggje til rette for å gjere det lettare å reinske opp i vassdrag. Bondelagets [flaumvegleiar](#) er eit nyttig verktøy for grunneigarane. Planen trekk fram intensiv drivne jordbruksareal samt forvaltning av kantsonar som ein kjelde til auka flaumrisiko, og at det kan vere konflikt mellom målsettingar om vassmiljø og biologisk mangfald (side 54 og 62). Det er viktig at alle tiltak for å redusere flaum, for å betre vassdrag og biologisk mangfald må vere i samarbeid med grunneigarar og jordbruksnæringa. Her er det mogleg å hente erfaring frå f.eks frivillige tiltak i jordbruket og frå flaumvegleiaren. Jordbruket er den næringa som er mest avhengig av velfungerande økosystem, og kan bidra til at tiltaka ikkje går unødig utover matproduksjonen.

Med vennlig hilsen

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Irene Holta Tjøstheim

Organisasjonssjef

Are Hauge Braaten

Rådgjevar